



Årsmelding 2023

Styrets samansetning

Styreleiar: Joachim Bjørge

Styremedlemmer: Tahani Siddik Berge, Anita Haugstad Haugsjå, Mari Innerdal, Jorunn Kverndalen Frich, Ingrid Innerdal og Joachim Bjørge. Dagleg leiar Hölje Haugsjå møter fast på styremøta.

Styremøte

Det er avhalde 4 styremøte i 2023. Alle styremøte vart gjennomførte som videokonferanse på plattforma Whereby.com. Årsmøtet 2023 vart avhalden fysisk, men enkelte møtte på videokonferanse.

Verksemdas art og kor ho blir driven

NorSahel er ein ikkje-statleg, non-profit og uavhengig organisasjon som er registrert i Norge og Mali. NorSahel arbeider for å kanalisere langsiktig og berekraftig bistand til Mali. Organisasjonen har si operative verksemd i Mali og har, i tillegg til samarbeidspartnarar, eit kontor med ein stadleg representant i landet.

Organisasjonens føremål

NorSahel vil arbeide for å gje hjelp til å betre levекåra til menneske i Mali, spesielt til rurale område, med fokus på born og kvinner. Alle aktivitetane skal vere tydeleg forankra i lokalt og nasjonalt eigarskap for å sikre berekraft.

Samarbeidspartnarar og prosjektstøtte

NorSahel har sidan november 2021 hatt eit forskingsprosjekt frå Laerdal Foundation. Dette er eit forskingsprosjekt og det seier noko om NorSahel sitt nettverk og referansegruppa (tidlegare ekspertgruppe) sin kompetanse. Prosjektet heng saman med samarbeidet vi har i Mali med AMAPED.

NorSahel har siste året inngått eit formelt samarbeid med den maliske barnelege-foreining AMAPED (Association Malienne des Pédiatres). Dette samarbeidet blei formalisert under eit felles seminar og møte i Dakar, Senegal i august 2023. Meir om dette møtet under. AMAPED jobbar innan nyfødt omsorg i Mali og samarbeide er først og fremst knytt til forskning, men kan etter kvart også omfatte prosjektarbeid.

I samband med ei ny satsing på nyfødt omsorg har NorSahel også i 2023 vedtatt å engasjere ein kontaktperson i Mali for å være representant inn mot nyfødt helse og forskning. Han heiter Aliou Bagayoko. Han deltok på det overnevnte møtet i Dakar i august 2023 og har skrive ei kontrakt med NorSahel om å vere kontaktperson og representant i Mali innan dette feltet. I etterkant har han vore engasjert i fleire møter i Mali på vegne av NorSahel.

I sykkelprosjektet har NorSahel i 2023 styrka samarbeidet med kontaktpersonane i Tambaga området. Dei to personane som er og har vore kontaktpersonar for dette er Foneke Nomoko, som er tidlegare mangeårig rektor ved Tambaga ungdomskule og eks-ordførar, og Balla Dembele som er mangeårig lærar ved Tambagaa skule. Balla Dembele var også ansatt i eit prosjekt som Norad støtta frå 2004 til 2010. Han viste allereie då ei god evne til å forvalte midlar og å være dyktig til å organisere og mobilisere.

Aktivitet

Spesielle eventar (arrangement) i 2023

NorSahel arrangerte ein større Julebazar i Treungen 14.02, i samarbeid med Nissedal Sokneråd. Over 60 kom og det vart samla inn nærare 19 000 NOK til NorSahel. Vi har elles hatt fleire mindre eventar i fleire samanhengar for å samle inn og informere om prosjektet i Mali. Vi kan her nemne: Innsamling til sykklar på Høydalsmo skule, 90-årsdag til Eva Asdal, Nissedal sokneråd og skular.

Informasjonsarbeidet og innsamling av midlar

Styremedlem Tahani S. Berge er framleis informasjonsansvarleg for NorSahel. I 2023 har Joachim og Hølje også gjort ein del arbeid med informasjon. NorSahel har i 2023 ikkje engasjert eksterne for å gjennomføre informasjon og innsamlingsarbeid. Innsamlingsprosenten er på 95 %. Gåveinntektene har gått litt ned i forhold til 2022, det skuldast først og fremst at vi i 2022 fekk ein del ekstraordinære gåver. Men gåveinntektene har over år vist seg å vere ganske stabile.

Mykje av grunnen til at gåveinntektene har halde seg er at NorSahel har ei stamme av faste givarar.

Juleinnsamlinga og spesielle eventar er også svært viktig for å få inn gåveinntekter til arbeidet. Ein må også nemne Nissedal Sokneråd som har støtta NorSahel over tid med gåver samla inn i kyrkjene.

Utfordringa for styret blir framover å sikre enno fleire givarar og faste givarar.

Juleinnsamlinga 2023

Hølje Haugsjå, Anita H. Haugsjå, Tahani Siddik Berge, Mari Innerdal og Joachim Bjørge(lei) vart oppnemnt av styret til å organisere juleinnsamlinga 2023. Denne gruppa arbeidde godt saman og iverksette fleire gode tiltak for å samle inn pengar til prosjekta i Mali. Joachim, med assistanse frå Tahani, var den programmeringsansvarleg og i år laga han eit profitt opplegg på Spleis. Det vart bestemt at årets aksjon igjen skulle gå til skulesyklar til Mali

I alt kom det inn 71 879 NOK på juleinnsamlinga, noko som ny rekord.

Prosjekta i Mali

Innleiing:

NorSahel har gjennom heile 2023 halde oppe kontoret i Bamako og lønna stadleg representant på deltid.

Kontoret og stadleg representant er viktig for at NorSahel i det heile kan fortsetje arbeidet i Mali og har hatt funksjon inn mot forskings-prosjektet som NorSahel gjennomfører i samarbeid med Laerdal Foundation. Til slutt har det vore avgjerande for aktiviteten i sykkelprosjektet at kontoret har vore operativt.

Stadleg representant har i periodar vore i utlandet i 2023, dette har ikkje vore ideelt for NorSahel i Mali.

Langvarig stadleg representant ynskjer å fortsetje. Han har både over tid vist seg å være dyktig og ein nøkkelperson for oss i Mali, så vi vil framleis fortsetje samarbeidet med han. Vi håpar at stadleg representant kjem tilbake til Mali på permanent basis i 2024 og kan ha meir varig opphald på kontoret. Styret har tatt to grep for å styrke sin representasjon i Mali i 2023 grunna situasjonen rundt vår faste representant. Vi har styrka bånd og gitt meir ansvar for oppfølging av sykkelprosjektet til dei to kontaktpersonane vi har i Tambaga området. Meir om dei over. Vidare har vi, som vi har nemnt, også engasjert ein stadleg representant innan feltet nyfødt og forskning. Framleis vil vi bruke stadleg representant og dei strukturane som er knyta til kontoret vårt for overføringar til Mali.

Sikkerheitssituasjonen i Mali og NorSahel

Den politiske og sikkerhets-messige situasjonen i Mali har vorte meir krevjande gjennom 2023. Terrorfaren har også nærma seg Bamako. Den maliske regjering har kutta mykje av bånd til FN og Frankrike og vestlege land. Den norske ambassaden i Bamako blei lagt ned 31.12.2023. Ambassaden vil bli flytta til Dakar, Senegal. Senegal går nok slik politisk i retning av å kutte fleire bånd til vestlege land, men den sikkerhets-messige situasjonen er mykje betre i nabolandet. I sum kan vi sei at situasjonen i Mali for tida tilseier at feltbesøk frå NorSahel i Noreg til Mali ikkje er å anbefale. For første gong er heile Mali, inkludert Bamako, klassifisert som raudt område av både Noreg og andre land som Frankrike. Det vil difor vere klokt å legge opp den same strategien som NorSahel nytta mellom 2015 og 2017, nemleg å arrangere eventuelle fysiske møter med prosjektpersonell og partnerar i Dakar, Senegal. Dette har NorSahel gode erfaringar med og kan organisere dette på ein god måte. NorSahel har fått klar tilbakemelding på at vi er ønska i landet. Vi har jo siste året styrka kontakten inn mot samarbeidspartnere både i Tambaga området og gjennom forskingssamarbeid med legar på høgt nivå i Mali. NorSahel har fleire gonger blitt bedt konkret om å fortsetje å virke i landet frå desse.

Seminar og konferanse i Dakar, Senegal i august 2023

I august (23-25 aug.) fekk NorSahel endeleg gjennomført seminaret: Dakar Seminar and Research Workshop on Newborn Health MALI. Og når me endeleg fekk gjennomført dette utsette seminaret, vart det eit veldig fint og viktig seminar. 4 legar kom over frå Mali og me hadde eit flott team frå Noreg med prof. em Ola Didrik Saugstad i spissen, som hadde nokre veldig bra foredrag i Dakar. Vidare hadde me mykje gode drøftingar rundt framtidig samarbeid og korleis me kan bidra framover inn mot mødrer- og nyfødthelse i Mali. Dette var eit fint samarbeidsprosjekt mellom NorSahel og AMAPED(den maliske barnelegeforeininga). AMAPED skaffa sjølv midlane til å delta på seminaret og NorSahel hadde midlar frå både Universitetssjukehuset i Oslo(via Ola Didrik) og Laerdal stiftelsen til å komplimentera. Trass i ein lang Covid periode, politisk uro og andre forhold vart me endå fastare bestemte på å halda fram kontakten og samarbeidet med dei maliske legane.

Dei som deltok på seminaret var: Rønnaug Solberg(Dr. med. Universitet i Oslo), Aliou Bagayoko(Lege og kontaktpunkt NorSahel Mali), Ingrid K. Frisch (legestudent), Mariam Traore (professor dr.med. Mali), Hølje Haugsjå (NorSahel), Ola D. Saugstad (professor og barnelege), Toumani Sidibe (prof. dr.med. Mali), Asiz Diakité (barnelege Mali)

Sykkelprosjektet for jenter på ungdomskular:

Dette prosjektet blir drive av private innsamla midlar. Hovudmålet er å få fleire jenter til å fullføre ungdomskulen.

I 2023 blei det gjeven i alt 83 sykklar til 6 ulike ungdomskular, 1 av desse var ny for NorSahel. NorSahel har sidan 2014 delt ut over 1000 skulesykklar. Til saman 8 ungdomskular i 4 ulike kommunar er med i prosjektet. Stadig fleire ungdomskular i eit større området søker om å verte med i prosjektet og NorSahel kunne lett utvida til fleire ungdomskular, men manglar midlar til dette. Regelverket har sett seg og er etter kvart godt kjent og er nok nøkkelen til at dette prosjektet gir gode resultat. Kontaktpersonane i Tambaga området gjennomfører jevnlege evalueringar og skriv rapport tilbake til NorSahel. Skulane melder om stor interesse rundt sykklane og at sykklane fungerer etter intensjonen. Vi har etter kvart også delt ut nokre sykklar til gutar med lang skuleveg. Fordelinga er ca. 80-20 i prosentdel jenter og gutar som får sykkel.

Resultatet frå prosjektet er blitt publisert på Facebook. Resultata har vist seg å vere gode over tid og mange jenter har klart å gjennomføre ungdomsskulen takk vere ein skulesykkel. Prosjektet har over tid satt søkelys på viktigheita av utdanning av jenter, som har vore og framleis er under press i området. Vidare har prosjektet den seinare tid også kunne hjelpe enkelte gutar med lang skuleveg. Resultatet og den vedvarande gode samarbeidsviljen hos ungdomskulane, gjer at NorSahel ynskjer å trappe opp arbeidet med å skaffe fleire skulesykklar til primært jenter. Dette prosjektet er fullfinansiert av gåver som er samla inn i Noreg.

Fortsett drift

Føresetnad om fortsett drift er til stades, og rekneskapen for 2023 er satt opp under denne føresetnaden.

Årsrekneskapen for 2023

Årsrekneskapen for 2023 er viser ei omsetting på 281 091 NOK. Dette er ein liten nedgang frå 2022. Dette skuldast både litt meir mindre prosjektpengar og litt lågare gåveinntekter. Utgiftene er til saman på 275 707 som gir eit overskot på 5 384. Dette overskotet vil bli overført til neste år og nytta i sykkelprosjektet. Eigenkapitalen til NorSahel er sterk på 418 390 NOK.

Kostnader til aktivitetar som oppfyller formålet, var i 2023 på 202 536. Kostnader til innsamling av midlar var på 13 645 noko som gir ein innsamlingsprosenten på 93 %. Det meste av arbeidet med å samle inn midlar har skjedd på frivillig basis og i tillegg har det skjedd digitalt.

53 377 av utgiftene blei nytta til administrasjon, ca. (19 % i 2022). Den klart største utgiftsposten i administrasjon er regnskapsfører og revisor. Styret legg vekt på at administrasjonen til NorSahel skal ha høg kvalitet og samstundes sikre flest mogleg midlar til arbeidet i Mali.

Likestilling

5 av 7 medlemmer av styret er kvinner. I tillegg driv organisasjonen kvinneretta prosjekt i Mali, både via sykkelprosjektet, som er spesielt retta mot jenter, og ved at nyfødt-prosjektet arbeider på fleire jordmor-/sjukepleiarskular. Organisasjonen har satt eit spesielt fokus på utdanning av jenter i Mali.

Resultatdisponering

Overskotet i år vil kanalisert inn i sykkelprosjektet i Mali.

Treungen/Oslo/Skien/Trondheim/Molde/Kristiansand
10.04.2024

Joachim Bjørge, styreleiar

Anita Haugstad Haugsjå

Mari Innerdal

Jorunn Kverndalen Frich

Tahani Siddik Berge

Ingrid Innerdal

Hølje Haugsjå, dagleg leiar